

Rustne Menn med gjester på Tysdagsklubben på Dill.

27.11.2018



Rustne Menn fekk forsterking i dag av lokale musikkrefter frå Husnes og Halsnøy: F.v: Svein Rimestad, Hans Gertz, Kristian Bringedal og Tor Bjelland.

Halsnøy har sin tysdagsklubb på Dill. Uskedalen har Kafe Tiaren i Gamleskulen. Husnes har Kulturkafé i Kulturhuset og Røde Kors besøksteneste på Halsnøytunet. Mange bygder har med andre ord sine møteplassar for seniorar og brukarar i bufellesskap. I dag hadde Rustne Menn programmet på Dill. Frammøte var godt og gruppa fekk gode tilbakemeldingar på det som vart presentert.

Musikk- og songgruppa Rustne Menn er noko redusert for tida, men det set ikkje stengsler for aktiviteten. Gruppa vart i dag forsterka med Tor Bjelland på bass og Hans Gertz på munnspele. Innslaget på rundt ein time er sett saman av allsong, kåseri og seniorkultur med humor.

Tysdagsklubben på Halsnøy møtest kvar tysdag klokka 11. Fram til kl. 12 er det kaffi, song, strikking, drøs, diktlesing og meir temabaserte innslag. Seinare er det høve å kjøpa lunsj eller middag i kafeteria.

Etter planen skulle det vore allsong på Kafe Tiaren i dag, men slik det er meldt før, vert det allsong neste tysdag, 4. desember.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øyvind Særsten